

Årsmelding for Samnanger historielag 2005

Styret

På årsmøtet 24. februar vart Helge Hisdal vald til ny leiar etter Anna Holmefjord som sa frå seg attval. Både Helge Hisdal, Marita Haugen og Ivar Bård Aadland vart attvalde for 2 år som styremedlemer. Varamedlem Tor Wold vart attvald for 1 år, og Karin Waage Knutsen kom inn som ny varamedlem.

Styret var i 2005 samansett slik:

Helge Hisdal, leiar
Kirsten Dalane Kleivane, nestleiar
Marita Haugen, kasserar
Ivar Bård Aadland, skrivar
Anna Holmefjord

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 21 saker.

Medlemer og arbeidsgrupper

Talet på medlemer var 66. Arbeidsgruppene laget hadde i 2004, har halde fram også i 2005 (kontaktperson i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)
Skulehistorie (Ada L. Haugen)
Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)
Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)
Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)
Gamle fotografi (Tor Wold)

Årbok (redaksjonsnemnd: Magda Haugen, Svein O. Aadland, Nils Gåsdal)

Aktivitetar

Opne møte. 21. april hadde historielaget eit fellesmøte med Samnanger mållag og Samnanger kommune om vegnamn i Samnanger. Sakshandsamar Magda Haugen orienterte om retningslinjer for vegnamn og om arbeidet i den kommunalt oppnemnde namnenemnda. Den 5. oktober var det grønlandskveld i kommunehuset. Harald Røsseland fortalde om jakt og fiske og om kraftverket han arbeidde på. Tor Wold fortalde om det halve året han var lege på Grønland, om friluftsliv og grønlandsk historie. Begge illustrerte forteljningane med mange lysbilete. Den 7. desember heldt Jørgen Christian Meyer foredrag om kvifor me skal halda på med historie. Enno ein gong vart me rivne med og vart utfordra av Meyer sine forfriskande synsmåtar og engasjerande måte å leggja fram emnet på. Det var stort fram møte på alle dei opne møta, og som vanleg spanderte historielaget kaffi og litt å bita i.

Fellesmøte. Den 27. april hadde styret fellesmøte med kontaktpersonar i arbeidsgruppene. Einskilde grupper er svært aktive, andre er godt i gang med arbeidet medan atter andre slit med å halda aktiviteten oppe. Møtet var nyttig både for styret og kontaktpersonane, og det var semje om at slike fellesmøte bør det vera årleg – helst i september – og då gjerne med alle gruppedlemene til stades.

Årboka 2005. Årboka vart ferdig i november. Som før får medlemene årboka gratis.

Samarbeid med andre. Utanom fellesmøtet om vegnamn markerte laget seg med ei stor utstilling av historiske bilete ved 100-årsmarkeringa for unionsoppløysinga og opning av kulturstien på Ytre Tysse den 4. juni. Utstillinga har seinare "vandra" til kommunehuset og fleire kommunale institusjonar.